

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no / post@sekom.no

Askvoll kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 18.09.2014
Møtestad: Askvoll kommunehus, møterom 2. etg.
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 022/14.

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
020/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/14	Skriv og meldingar
022/14	Orientering i forhold til atterhald og presisering i revisjonsmeldinga for 2013
023/14	Forvaltningsrevisjon - val av prosjekt
024/14	Oppfølgingsliste 4 - 2014
025/14	Eventuelt
026/14	Budsjett for kontrollutvalet i Askvoll 2015

Med helsing

Jorunn Ringstad
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 020/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/205
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/75
---	-------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.07.2014	KOM-031/14 Forvaltningsrevisjonsrapport - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune, handsama 21.5.2014	65
01.07.2014	KOM 032/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet, handsama 21.5.2014	66
01.07.2014	KOM-044/14 Årsrekneskapen for 2013, handsama 25.6.2014	67
28.08.2014	Fylkesmannen sin tilsynsrapport, Askvoll kommune, skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	357
10.09.2014	KOM-045/14,1. tertialrapport 2014 med budsjettendring	427

[Her finn du lenkje til presentasjonar frå Fagkonferansen for kontroll og tilsyn i Haugesund 3.-4. juni 2014](#)

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

...

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m. Kommunestyret	Møtedato 21.05.2014	Saksnr 031/14	Saksansv HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
13/462-11

Arkiv
K1-216, K1-
601

Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Forvaltningsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll, vert teke til orientering.
2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

21.05.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Kontrollutvalet si tilråding vart vedteken med følgjande nytt punkt

3. Rådmannen orienterer kommunestyret i desembermøtet om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

KOM-031/14 VEDTAK:

1. Forvaltningsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll, vert teke til orientering.
2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.
3. Rådmannen orienterer kommunestyret i desembermøtet om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Kva saka gjeld:

Forvaltningsrevisjon av innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune.

Saksutgreiing:

Kryssrevisjonen har på bakgrunn av bestilling frå Kontrollutvalet i Askvoll, utarbeidd forvaltningsrevisjonsrapporten Innkjøpsfunksjonen – Askvoll.

Kontrollutvalet har handsama rapporten i møte 21.01. og 10.04.14.

Rapporten og kontrollutvalet si tilråding vert lagt fram for kommunestyret til vedtak.

Konklusjon:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
8	I	28.01.2014	SEKOM-sekretariatet	Endeleg rapport på forvaltningsrevisjonsprosjektet: Innkjøpsfunksjonen - Askvoll kommune
10	I	10.04.2014	SEKOM-sekretariatet	Forvaltningsrevisjon innkjøp - sak til kommunestyret

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.04.2013	KRYSS-revisjon	Innkalling til oppstartsmøte i samband med tinga forvaltningsrevisjon frå Askvoll kontrollutval
2	I	08.05.2013	KRYSS-revisjon	Møtereferat - oppstartsmøte forvaltningsrevisjon: Innkjøpsfunksjonen - Askvoll kommune
4	U	19.12.2013	KRYSS-revisjon	Forvaltningsrevisjon av innkjøpsfunksjonen - innhenting av data
7	U	27.01.2014	KRYSS-revisjon	Dokumentasjon forvaltningsrevisjon innkjøp.
5	U	28.01.2014	Kryssrevisjonen	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune - rådmannen sine kommentarar til førebels rapport



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m. Kommunestyret	Møtedato 21.05.2014	Saksnr 032/14	Saksansv HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
14/372-2

Arkiv
K1-033, K3-
&14

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet vert godkjent.

21.05.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:
Kontrollutvalet si tilråding vart vedteken.

KOM-032/14 VEDTAK:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet vert godkjent.

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2013

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2013, handsama i kontrollutvalet i møte 10.04.14, vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Konklusjon:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.04.2014	SEKOM-sekretariatet	Årsmelding kontrollutvalet til kommunestyret

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	16.06.2014	076/14	HÅL
Kommunestyret	25.06.2014	044/14	HÅL

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
13/1037-6

Arkiv
K1-210

Årsrekneskap for 2013

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagt driftsrekneskapen for 2013 med dei disponeringane som er gjort. Rekneskapen er oppgjort med eit positivt netto driftsresultat på 1,087 mill kr.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 389 707,-

Meirforbruket blir dekkja inn i 2015.
2. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2013 med dei disponeringane som er gjort. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse – manglande finansiering er finansiert med ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.
3. Askvoll Kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2013.

16.06.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-076/14 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kva saka gjeld:

Årsrekneskapen for 2013

Saksutgreiing:

Kommunelova § 48 nr.3 har denne ordlyden:

Kommunestyret vedtar sjølv årsrekneskapen. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå Formannskapet... Vedtaket må angi disponering av rekneskapsmessig overskot eller dekning av rekneskapsmessig underskot.

Forklaring til rekneskapen kjem fram av den vedlagte årsmeldinga og rekneskap med notar.

Konklusjon:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	19.05.2014	SEKOM-sekretariatet	Uttale frå kontrollutvalet - Årsrekneskap 2013



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT

PSYKOSOSIALE MILJØ

Askvoll kommune - Askvoll skule

2014

Innhold

Samandrag.....	3
1. Tema for tilsynet: skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	5
2. Gjennomføring av tilsynet	7
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	7
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll	7
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	12
3.3 Brukarmedverknad	16
4. Frist for retting av lovbrøt.....	18
5. Kommunen sin rett til å rette.....	20
Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet	22
Vedlegg 3 Rettslege krav.....	23

Samandrag

Tema og føremål

Fylkesmannen opna 07.01.2014 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø ved Askvoll skule i Askvoll kommune.

Dei overordna føremåla med tilsynet er å sikre

- at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane 28.01.2014
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 24.03.2014
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 28.01.2014
- Opningsmøte 14.05.2014
- Intervju 13.05.2014 og 14.05.2014
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 20.06.2014
- Sluttmøte 27.06.2014
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 11.07.2014
- Endeleg tilsynsrapport utsendt 07.08.2014 med frist for retting av lovbrøt 07.11.2014

Avdekte lovbrøt

Førebyggjande arbeid ved skulen, § 9-4, jf. 9a-3 første ledd

1. Askvoll kommune må sjå til at Askvoll skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at krenkjande åtferd oppstår. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at Askvoll skule:
 - a) Utformer strategiar og konkrete rutinar for korleis skulen skal realisere lovkrava og eigen visjon og mål for skulemiljøet
 - b) Utarbeider rutinar for systematisk evaluering av arbeidet med skulemiljøet

Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3, andre og tredje ledd

2. Askvoll kommune skal syte for at dei tilsette ved Askvoll skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap eller mistanke om. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at:
 - a) Askvoll skule informerer alle som har sitt virke på skulen om handlingsplikta og sikrar at alle forstår innhaldet i praksis
 - b) Askvoll skule implementerer eit forsvarleg system for varsling til skuleleiinga
 - c) Askvoll skule fattar enkeltvedtak når elevar eller foreldre ber om tiltak

Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

3. Askvoll kommune skal sjå til at Askvoll skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at Askvoll skule:
 - a) gjennomfører jamlege møte i samarbeidsutval og skulemiljøutval gjennom skuleåret med skilde saklister og referat.
 - b) informerer om alt som er viktig for skulemiljøet til skulemiljøutvalet slik at utvalet kan drøfte sakene og eventuelt gje uttale.

Tilsynsrapporten og vegen vidare

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekte under tilsynet. Fristen er 07.11.2014. Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

1. Tema for tilsynet: skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlig skuleeigar, jf. Opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sin tilsyn på opplæringsområde er tilsyn med det lovpålagde, jf. Kommuneleova § 60 b. Fylkesmannen sine tilsyn med offentlege skular er utøving av mynde og skjer i samsvar med reglane etter dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og at det er etterprøvbart og effektivt.

Det blir gjennomført eigeninitierte tilsyn våren 2014 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Denne tilsynsrapporten er å sjå på som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Rapporten inneheld varsel om pålegg om retting av lovbrøt som er avdekte i tilsynet.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det eigeninitierte tilsynet våren 2014 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

Dei overordna føremåla med tilsynet er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til temaet som er valt.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane 28.01.2014
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 24.03.2014
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 28.01.2014
- Opningsmøte 14.05.2014
- Intervju 13.05.2014 og 14.05.2014
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 20.06.2014
- Sluttmøte 27.06.2014
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 11.07.2014
- Endeleg tilsynsrapport utsendt 07.08.2014 med frist for retting av lovbrøt 07.11.2014

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 14.05.2014. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at

skuleleiinga må ha ei "føre-var" haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

I samband med skulen sitt førebyggjande arbeid og internkontroll, har Fylkesmannen lagt vekt på følgjande:

Kan skulen dokumentere korleis ein jobbar med det førebyggjande arbeidet?

- Askvoll skule har reglar for orden og åtferd. Reglane «har til føremål å sikre elevane sine rettar til eit godt skulemiljø, jf. kap. 9a i opplæringslova. Reglane skal bidra til at miljøet i skulen fremjar læring, helse trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, samt førebygge skade og sjukdom.»
- *Plan for oppfølging av opplæringslova § 9a (datert 23.05.2012) gjer greie for slike rutinar for å fremme trivsel og læring: utviklingsplanarbeid for lærarar, arbeid med klassereglar og læringsmiljø i dei ulike klassane, samarbeid med helsesøster, Psykisk helse i skulen, gjennomføring av aktivitetsdagar, arbeid med positivt skulemiljø gjennom aldersblanding og ulike felles arrangement som t.d. juleverkstad, karneval, fjellturar, skidag, sommarfest og diverse skuleturar.*
- Skulen gjennomfører Elevundersøkinga for 5. til 10. trinn kvart år. Resultata vert følgt opp av rektor og kontaktlærarane, dokumentert i tilsynet gjennom grundige referat.
- Skulen har utarbeidd enkelte rutinar ved inspeksjon i tillegg til vakt- og bemanningsplanane.
- Elevane utarbeider klassereglar kvar haust. Slike klassereglar er dokumenterte på alle steg for inneverande skuleår.
- Skulen har eigen plan for avvikling av elev- og foreldresamtalar gjennom året (trykt i skulen sitt årlege Informasjonshefte til heimane).

- Nokre kontaktlærarar bruker loggbok i sin klasse.
- Kvar haust har elevane i 8. klasse samtale med helsesøster. Helsesøster har òg kontortid på skulen tre timar kvar veke.

Har skulen sett seg skriftlege mål for skulemiljøet?

- I Reglar for orden og åtferd ved Askvoll skule står slik visjon for skulen: «Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap». Visjonen er også topptekst i Plan for oppfølging av opplæringslova § 9a.
- Det er sett opp slike mål i Handlingsplan ved mobbing:
 - «Skulen skal ha tiltak som skal hindre at elevar vert utsette for mobbing
 - Skulen skal ha rutinar som skal hjelpe oss i å oppdage om det føregår mobbing.
 - Skulen skal følgje opp både mobbar og mobbeoffer
 - Skulen skal ha rutinar som sikrar god dokumentasjon
 - Skulen skal ha rutinar som legg opp til best mogleg samarbeid med dei føresette»

Kan skulen dokumentere korleis ein evaluerer arbeidet med skulemiljøet?

Rektor kommenterer i si utgreiing at arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø er eit arbeid «som blir kontinuerleg evaluert». Skulen gjennomfører Elevundersøkinga årleg for langt fleire klassetrinn enn dei obligatoriske og dokumenterer grundig behandling av resultatane våren 2014. Elevane sitt læringsmiljø er tema på lærarane sine klassemøte kvar veke. Administrasjonen har òg møte med dei tilsette kvar fredag der skulemiljøet er tema med gjennomgang av loggbok og drøfting av eventuelle tiltak. Kommune- og skuleleiinga stadfester i møte med Fylkesmannen at det ikkje er ein eigen plan for heilskapleg evaluering av arbeidet med skulemiljøet.

Kan skulen dokumentere korleis dei skaffar seg kjennskap til den einskilde elev si oppleving av skulemiljøet?

- Skulen gjennomfører elev- og foreldresamtalar to gonger i året. Skulen har dokumentert ulike samtale- og vurderingsskjema. Trivsel er alltid tema i samtalane.
- Elevundersøkinga vert gjennomført ved seks klassesteg kvart år.
- Skulen har eigne, skriftlege Rutinar ved inspeksjon. Her vert det understreka at uønskt åtferd skal gje verbal irettesetting der og då og at handlingar og språkbruk i forhold til potensielle mobbesituasjonar skal førast i eiga loggbok. (Innhaldet i loggboka er tema på kollegiemøte kvar veke).

Kan skulen dokumentere korleis ein følgjer opp observasjonar som er gjort gjennom kartlegging/observasjonar/samtalar?

I Plan for oppfølging av opplæringslova § 9a er det under rutinane seks, sju og åtte ført opp korleis skulen skal nytte resultat frå kartleggingar/undersøkingar.

Er det klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande – arbeidet?

I tillegg til Rutinar ved inspeksjon har skulen utarbeidd vaktliste 2013-2014, sist oppdatert 02.01.2014. Kontaktlærar sine oppgåver har skulen gjort nærare greie for i eige skriv. Når det gjeld rutinar for tilpassa opplæring er tiltak og ansvar satt opp i eit årshjul.

Er skuleleiinga involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet?

Leiinga stadfester i si utgreiing å ha det overordna ansvaret for at skulen sin plan for oppfølging blir gjennomført og at dette blir gjort både i fellesmøte og i møte med den enkelte tilsette. Leiinga deltek òg aktivt i nødvendige elevsamtalar og møte med føresette.

Kan skulen dokumentere korleis dei har definert kva som vert sett på som krenkjande åtferd?

- I Reglar for orden og åtferd ved Askvoll skule, tek paragraf seks opp betydinga av å syne omsorg og respekt for kvarandre i skulesamfunnet. Det gjer ein ved ikkje å nytte vald, ved ikkje å plage eller mobbe andre (gjeld også digitalt), ved ikkje å bruke bannord eller uhøvisk språk, ved ikkje å kaste snø, vatn eller gjenstandar på andre og ved ikkje å filme eller fotografere i kroppsøvingsøktar og elles i skuletida (om ikkje anna er avtala).
- *Handlingsplan ved mobbing omtalar kva skulen vil reagere på og understreker òg alle tilsette som ansvarleg personell.*

Kan skulen dokumentere korleis dei tilsette, elevane og foreldra vert gjort kjende med kva skulen ser på som krenkjande åtferd?

- Både ordensreglement og handlingsplan ved mobbing er trykt i skulen sin (årlege) *Informasjonskalender som delast ut til heimane kvar haust. (Informasjonskalenderen skuleåret 2013-2014 er på 44 sider i A5 tverrformat).*
- Skulen har utarbeidd skrivet Venta elevframferd som i enkelt tabelloppsett omtalar forventningar til oppførsel på ulike stader som i klasserommet, på skuleplassen, på spesialrom (gymsal, forming, musikk, mv.), på gangen, på tur, på SFO, på kontor/personalrom og på toalett.

- Det er fast gjennomgang av ordensreglementet på klasseforeldremøte kvar haust.
- I intervju kjem det fram at ordensreglementet lesast høgt for tilsette ved skulestart om hausten.

Vurdering

I tilsynet har vi sett nærare på i kva grad skulen har dokumentert planar og rutinar, om dei vert etterlevde i praksis og om skulen har dokumentert at planar og rutinar vert evaluerte.

Ordensreglementet (Reglar for orden og åtfærd ved Askvoll skule gjeldande frå 15.10.2011) er uttalt det viktigaste utgangspunkt for skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet. I *oppfølgingsplanen er det grunngeve slik «[...] då dette dokumentet blant anna regulerer korleis elevar skal oppføre seg mot kvarandre på skulen.» Dette er òg stadfesta gjennom intervju. Skulen sin visjon som er trykt som innleiing til ordensreglementet seier «Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap».* Plan for oppfølging av opplæringslova § 9a (datert 23.05.2012) siterer også måla for arbeidet, her er visjonen kopiert som topptekst på heile dokumentet. Men ein nødvendig føresetnad for det systemretta skulemiljøarbeidet er at skulen ikkje berre utarbeidar gode mål men overfører krava i kapittel 9a til strategiar og konkrete handlingar. Skuleleiinga må med andre ord innarbeide konkrete planar og rutinar for *korleis elevane sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø skal oppfyllest på Askvoll skule.* Utviklingsplanen 2013-2014 med satsingsområde læringsmiljø er eit døme på korleis dette kan utformast.

*I kapitelet om § 9a-3 i oppfølgingsplanen seier den tredje rutinen: «Meldeskjema/melding i elevmapper ved einskilde/enkeltståande tilfelle av krenkande ord eller handlingar, òg utestenging over tid. Avtaleskjema.» Etter tilsynet har rektor stadfesta at det ikkje er utarbeida noko særskild meldeskjema slik planen var for to år sidan. Det vurderer vi som uheldig for arbeidet. I tillegg stiller vi oss undrande til omgrepet avtaleskjema som er brukt i denne samanheng og meiner at skulen sin plikt til å fatte enkeltvedtak ved oppmoding frå elevar/foreldre burde vore nemnt. Vidare inneheld den tiande «rutinen» under same kapittel berre eitt ord: «Inspeksjonsorganisering». Vi tolkar dette som at oppfølgingsplanen her viser til skrivet *Rutinar ved inspeksjon [ikkje datert] som rektor si utgreiing omtaler slik: «Skulen har eigen inspeksjonsplan for friminutt (vedlegg 7).» Når det gjeld uønskt åtfærd viser skrivet til «Olweus kap.4, side 12. Sjå sanksjonsstige: Gripe inn 3.» I intervju med leiinga kjem det fram at dette refererer til då Askvoll skule, for relativt mange år sidan, var med i Olweus-programmet. Det var på den tida mobbeplanen også vart utarbeida. Leiinga meiner at nokre lærarar har eit forhold til inspeksjonsrutinane og nokre nyare lærarar ikkje har eit aktivt forhold**

til dette. I tilsynsintervju med tilsette verker Rutinar ved inspeksjon lite kjent. Vi vurderer det som grunnleggane positivt at skulane har skriftleg instruks eller rutinar for inspeksjon i tillegg til reine vaktlistar.

Det er eit lovkrav at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø og at eventuelle brot på retten til eit trygt og godt miljø blir oppdaga og handtert. Kravet til slik internkontroll fører med seg behov for evaluering av skulen sitt arbeid med skulemiljøet. I intervju kjem det fram at «Vi har ikkje rutinar for evaluering. Vi tek ting etter kvart når dei dukkar opp.» Leiinga ved skulen understrekar at dette i praksis betyr at evaluering skjer i faste møter kvar veke. Ein slik praksis med fortløpande vurdering og tilbakemelding er sjølv sagt nødvendig, men ikkje fullt ut tilstrekkeleg av to grunnar. Evaluering betyr i denne samanheng også ein systematisk gjennomgang og vurdering av måloppnåing - basert på lov og regelverk og eventuelle lokale målsetingar. Skulemiljøutvalet skal som kjent ha informasjon frå skuleleiinga om alle tilhøve som har vesentleg betydning for skulemiljøet og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som gjeld skulemiljøet. Dette betyr at utvalet skal vere ein sentral aktør også i alle former for evaluering og vurdering av skulemiljøet ved Askvoll skule.

Fylkesmannen sin konklusjon

Askvoll kommune – Askvoll skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld for det førebyggjande arbeidet og internkontroll.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova inneheld særskilte plikter for skulen som gjeld det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje helse, trivsel og læring for elevane.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen har ei handlingsplikt som inneber plikt til i å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og vurderingar av det individretta arbeidet baserer seg i stor grad på intervju med tilsette. Intervju med elevar og foreldre har òg vore ei viktig informasjonskjelde.

Er dei tilsette gjort kjent med si handlingsplikt? ¹

I intervju med tilsette vert det sagt at rektor har snakka om handlingsplikta på starten av skuleåret og at lærarane sjølve tar dette opp på teama. Tilsette viser til at skulen har mobbeplan og kriseplan. Det kjem også fram i intervju at bibliotekar, vaktmeister og reinhaldarar ikkje er gjort kjent med handlingsplikta etter opplæringslova.

Kjenner dei tilsette til innhaldet i handlingsplikta?

Handlingsplikt er kanskje ikkje eit mykje brukt omgrep på skulen. Gjennom alle intervju kom det fram stor usikkerheit knytt til sjølve innhaldet i handlingsplikta.

Undersøker dei tilsette krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

I intervju kom det fram døme på at tilsette hadde undersøkt krenkjande åtferd.

Har skulen rutinar som viser kva ein skal gjere når ein har mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar?

I intervju med leiinga vart det stadfesta at skulen ikkje har ei skriftleg rutine som fortel kva dei tilsette skal gjere dersom ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. Praksis på skulen er at tilsette fortel munnleg om slike hendingar direkte til leiinga. Slik opplever leiinga å

¹ «Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn», jf. opplæringslova § 9a-3 andre ledd.

få ei grundigare utdjuving av kva som har skjedd enn det ein kan få gjennom ei skriftleg melding.

Grip dei tilsette inn ovanfor krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

Gjennom intervju kjem det fram døme på at tilsette grip inn, men òg at det kan vere ulikt når og korleis dei tilsette reagerer.

Har skulen rutinar for varsling til skuleleiinga og korleis følgjer leiinga opp varsling?

Det er ikkje dokumentert skriftlege eller munnlege rutinar for varsling til skuleleiinga. I intervju med leiinga vert det sagt at «Vi har ikkje oppfatning av at det skjer ting vi ikkje veit om. Vi noterer ned sakene skriftleg.»

Plan for oppfølging av opplæringslova kap. 9a (kapittel 9a-3, punkt 9) viser til dels rektor sitt ansvar: «Skriftleg plan for sakshandsaming vert laga. Kontaktlærar har ansvar for plan i samråd med rektor.»

Har skulen rutinar for å fatte enkeltvedtak når dei set i verk tiltak som er av inngripande karakter og som påverkar eleven sine rettar og plikter?

Reglar for orden og åtferd (vedteke 15.11.2010) § 7-6, gjer greie for bortvising for timar, resten av dagen og ein til tre dagar som eige vedtak.

Vert det fatta enkeltvedtak ved skulen dersom foreldre/elevar ber om tiltak knytt til skulemiljøet?

Skulen har dokumentert eitt (anonymt) enkeltvedtak, datert 03.09.2012.

Vert oppmodingar handsama snarast mogeleg etter at desse har kome til skulen?

I intervju med tilsette vert dette kommentert slik: «Vi opplever at vi responderer med ein gong.» I intervju med brukarane vert det sagt at det varierer og at det hender at foreldre som ber om tiltak for sitt barn vert avvist.

Vert foreldre/elevar informerte om retten til å få enkeltvedtak når dei gjer ei oppmoding til skulen?

I intervju vert det sagt at foreldre blir informerte om retten til enkeltvedtak, men leiinga har likevel stadfesta at det berre er fatta eitt slikt vedtak.

Fattar skulen enkeltvedtak i høve alle oppmodingar dei får?

Askvoll skule sitt einaste enkeltvedtak (etter opplæringslova § 9a-3, tredje ledd) vart fatta for halvanna år sidan. I intervju kommenterer leiinga: «Det blir kanskje skrive for få enkeltvedtak generelt i skulen, men det kan òg vere gjeldande for denne skulen.»

Tar skulen i vedtaket stilling til den enkelte elev sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova?

Paragrafens ordlyd siteras to gonger i saka og sjølv vedtaket tek indirekte stilling til retten med formuleringa «Målet er at NN snarast skal få ein betre skulekvardag.»

Blir det opplyst om forvaltningslova sine klagereglar, og er det skissert tiltak i vedtaket?

Vedtaket gjer greie for fleire tiltak og forvaltningslova sine klagereglar er grundig opplyst.

Vurdering

Alle tilsetta har ei plikt til å handle etter opplæringslova § 9a-3 andre ledd. Ved mistanke eller kunnskap om krenkjande ord eller handlingar, skal vedkommande straks undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom der er naudsynt og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Bibliotekar, vaktmeister og reinhaldarar har ikkje fått informasjon om handlingsplikta i opplæringslova, sjølv om dei har, eller kan ha virke på skulen når elevar er til stades. Elles har tilsette truleg fått slik informasjon, men utan å forstå fullt ut kva handlingsplikta inneber. Skulen har ikkje etablert rutinar eller felles praksis blant personalet for når og korleis tilsette skal undersøke, gripe inn og varsle leiinga.

Elevar og/eller foreldre som ber om tiltak kan i praksis rette oppmodinga direkte til leiinga, lærarar eller andre tilsette. Dersom skulen er i tvil om ei melding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen først avklare dette. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17. Eleven/foreldra har rett til enkeltvedtak og skulen har vedtaksplikt. Læraren si vurdering vil kunne være viktig når ein skal finne kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket. Sjølv om oppmodinga kan løysast innanfor klassen skal denne bringast vidare til leiinga ved skulen. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette heng saman med kravet i § 9a-3 tredje ledd, første punktum, om at alle tilfelle der det blir bedt om tiltak knytt til det psykososiale miljøet, skal handsamast som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Intervju med brukarane på Askvoll skule kan tyde på at ikkje alle tilsette er kjent med, eller *forstår innhaldet i § 9a-3 tredje ledd, trass i at lovkrava er omtalt i skulen sin Plan for oppfølging av opplæringslova kapittel 9a. Vidare tydar intervju med tilsette og leiinga på at fleire brukarar har bedt om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet utan at dette har resultert i (fleire) enkeltvedtak.*

Fylkesmannen sin konklusjon

Askvoll kommune – Askvoll skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld skulen sitt individuelt retta arbeid.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endeleg avgjerd blir tatt.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrse i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og reelt høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3 i denne rapporten.

Dokumentasjon og vurdering

Har skulen rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet?

Det kjem fram intervju at skulen ikkje har (skriftlege) rutinar for å involvere alle elevane i skulemiljøarbeidet. Skulen gjennomfører ulike fellesarrangement der ansvaret for samlingane kan gå på omgang.

Har skulen rutinar for å halde råd og utval orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet?

Det er ikkje laga rutinar for kva saker som skal opp i elevråd, samarbeidsutval eller skulemiljøutval.

Er det oppretta elevråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval med lovleg samansetjing?

Innsendt dokumentasjon frå rektor 06.05.2014 dokumenterer at det er oppretta lovpålagde råd og utval med rett samansetjing.

Vert det halde jamlege møte i dei respektive brukarorgana?

I rektor si utgreiing til tilsynet kjem det fram at det har vore eitt møte i samarbeidsutvalet og ingen møte i skulemiljøutvalet siste skuleår. Fylkesmannen har fått dokumentert referat frå eitt møte i samarbeidsutvalet for kvar av dei tre siste åra: 26.01.2012, 21.01.2013 og 10.02.2014.

Fylkesmannen har fått dokumentert tre referat frå møte i elevrådet, 05.11.2012, 05.02.2014 og 14.03.2014. Gjennom intervju kom det fram at elevrådet har møte ca. ein gong i månaden.

Vurdering

Samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betyding for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved skulen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betyding for skulemiljøet.

Vi ser både samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet som sentrale arenaer med tanke på at skuleleiing her skal kunne gje informasjon om t.d. hendingar, planar og vedtak som er vesentlege for skulemiljøet. Utvala er demokratisk og breitt samansett nettopp for å ivareta heile skulesamfunnet. God informasjon vil kunne leggje grunnlaget for involvering og

engasjement hos foreldre og elevar, dvs. å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Askvoll skule har valt å la samarbeidsutvalet sjølv vere skulemiljøutval med tilleggsrepresentasjon, jf. opplæringslova §11-1a, andre ledd. Tilleggsdokumentasjon sendt Fylkesmannen etter tilsynet stadfester at begge utvala er rett samansett. Det er viktig å merke seg at når lova opnar for at samarbeidsutvalet også kan vere skulemiljøutval så betyr ikkje det at utvala vert fusjonerte. Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet skal likevel fungere som to sjølvstendige utval med ulike oppgåver (og representasjon). Formelt markeras dette best ved separate møteinnkallingar og møtereferat.

Ved Askvoll skule har det siste skuleår ikkje vore møte i skulemiljøutvalet og berre eitt møte i samarbeidsutvalet. Slik praksis er i strid med opplæringslova. Regelverket påbyr ikkje berre at utvala skal opprettas, men òg har jamlege møte gjennom året slik at dei kan fylle oppgåvene sine. Jf. vår vurdering på side 12 i denne rapporten. Eit absolutt minimum er to møte per skuleår.

Fylkesmannen sin konklusjon

Askvoll kommune - Askvoll skule har ikkje gode nok rutinar og planar som sikrar brukarmedverknad i tråd med regelverket.

4. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har i kapittel 3 konstatert lovbrøt. I denne tilsynsrapporten får Askvoll kommune som skuleeigar frist til å rette lovbrøt, jf. kommunelova § 60 d. Frist for retting er 07.11.2014. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrøta er retta.

Dersom lovbrøt ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen i den endelege tilsynsrapporten:

Førebyggjande arbeid ved skulen, § 9-4, jf. 9a-3 første ledd

1. Askvoll kommune må sjå til at Askvoll skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at krenkjande åtferd oppstår. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at Askvoll skule:
 - a) Utformer strategiar og konkrete rutinar for korleis skulen skal realisere lovkrava og eigen visjon og mål for skulemiljøet
 - b) Utarbeider rutinar for systematisk evaluering av arbeidet med skulemiljøet

Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3, andre og tredje ledd

2. Askvoll kommune skal syte for at dei tilsette ved Askvoll skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap eller mistanke om. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at:
 - a) Askvoll skule informerer alle som har sitt virke på skulen om handlingsplikta og sikrar at alle forstår innhaldet i praksis
 - b) Askvoll skule implementerer eit forsvarleg system for varsling til skuleleiinga
 - c) Askvoll skule fattar enkeltvedtak når elevar eller foreldre ber om tiltak

Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

3. Askvoll kommune skal sjå til at Askvoll skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Askvoll kommune må i denne samanhengen sjå til at Askvoll skule:
 - a) gjennomfører jamlege møte i samarbeidsutval og skulemiljøutval gjennom skuleåret med skilde saklister og referat.
 - b) informerer om alt som er viktig for skulemiljøet til skulemiljøutvalet slik at utvalet kan drøfte sakene og eventuelt gje uttale.

5. Kommunen sin rett til å rette lovstridige forhold

Som nemnt i kapittel 4 ovanfor, har kommunen fått ein frist til å rette dei ulovlege forholda som er konstantert i denne rapporten. Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen er 07.11.2014.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, den 7. august 2014.

Frans Jacob Krebs
(tilsynsleiar)

Lill Mona Solberg
(revisor)

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervju
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg	Dokumentasjon frå Askvoll kommune	Datert
1	Tilstandsrapport for grunnskulen i Askvoll 2012-2013	21.10.2013
2	Kvalitetsvurderingssystem	29.08.2012
3	System for arbeidet med kvalitet i skule og barnehage i skuleregion HAFS	05.04.2013
	Dokumentasjon frå Askvoll skule	
4	Utgreiing og dokumentasjon frå skulen [utgreiing frå rektor]	18.03.2014
5	Plan for oppfølging av opplæringslova § 9A	23.05.2012
6	Informasjonskalender skuleåret 2013/14	
7	Klasseregjar 2013-2014: 1. klasse/2. klasse/3. klasse/4. klasse/5. og 6. klasse/7. klasse/8A/8B/9. klasse/10. klasse	
8	Varsling om eventuelt nedsett karakter eller standpunktkarakter i orden og åtferd [skjema med svarslipp]	11.01.2012
9	IKT kontrakt for skulane SYS samarbeidet	17.03.2014
10	Modell for kvalitetssikring og Årshjul [kopi frå kommunen sitt hefte Kvalitetsvurderingssystem]	29.08.2012
11	Vaktliste 2013/14	02.01.2014
12	Klasseromskart	
13	Rutinar ved inspeksjon	
14	Resultat Elevundersøkinga 2013	14.01.2014
15	Elevundersøking våren 2014, 5.-6. klasse	
16	Elevundersøking – 2013 Askvoll skule, 7. trinn	
17	Elevundersøking våren 2014, 9. klasse	19.03.2014
18	Elevundersøking våren 2014, 10. klasse	
19	Skjema på foreldresamtale for 1.-4. klasse	
20	Samtaleskjema for 1.-4. steg	
21	Elevsamtaler [skjema]	
22	Skjema for vurdering 5.-7. trinn	
23	Momentliste for elevsamtale/konferansetime 8.-10.	
24	Kontaktlæraren sine oppgåver	
25	Årshjul: rutinar for tilpassa opplæring	
26	Klasse/team/adm.tid Askvoll skule	
27	Praksis i klasselærarmøte/karakter møte og bruk av melding til elev og føresette	
28	Venta elevframferd Askvoll skule	
29	Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet 2013-2014	06.05.2014
30	Tiltak for eleven sitt psykososiale miljø [anonymt enkeltvedtak)	03.09.2012
31	Tilstandsrapport Askvoll skule 2012/13	02.07.2013
32	Referat elevrådsmøte 05.11.2012	
33	Møte i elevrådet 05.02.2014 [referat]	
34	Møte i elevrådet 14.03.2014 [referat]	
35	Referat frå møte i samarbeidsutvalet 26.01.2012	17.01.2012
36	Referat frå møte i SU 21.01.2013	28.01.2013
37	Referat frå møte i SU 10.02.2014	11.02.2014
38	Meldeskjema [melding til Fylkesmannen]	06.05.2014
39	Møteplan [melding til Fylkesmannen]	06.05.2014

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kristen Holt	Kommunalsjef oppvekst	X	X	X
Frank Ask	Rektor	X	X	X
Rune Solheim	Undervisningsinspektør	X	X	X
Tormod Ådlandsvik	Elevrådskontakt	X	X	
Ingunn Nessen	Kontaktlærer (4.kl)	X	X	
Målfrid F. Meier	Kontaktlærer (7.kl)	X	X	
Kari Berit Ness	Kontaktlærer (10.kl)	X	X	
Torill Olsen	Leiar SFO	X	X	
Heidi Olset	Assistent	X	X	

Det er i tillegg gjennomført intervju med representantar for elevrådet og foreldra ved skulen.

Vedlegg 3 Rettslege krav

1 Det førebyggjande arbeidet

§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til *eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte*.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllast.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutineane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutineane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova² er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedde.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk egne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha ei felles forståing av når det skal varslast, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstienleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

² Sjø Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved s

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagt gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfylder plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvala skal gjevast relevant informasjon og ein reell sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	16.06.2014	077/14	HÅL
Kommunestyret	25.06.2014	045/14	HÅL

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
11/467-11

Arkiv
K1-210

1. tertialrapport 2014 med budsjettendring

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 1 tertialrapport til orientering og det blir føreteke følgjande budsjettendring:

- Rådmannen redusert kr. 800 000,-
- Askvoll sokn redusert kr. 100 000,-
- Oppvekst auka kr. 100 000,-
- NAV auka kr. 200 000,-
- Barnevern auka kr. 600 000,-
- Helse og omsorg redusert kr. 800 000,-
- Landbruk redusert kr. 130 000,-
- Teknisk drift redusert kr. 100 000,-
- Finansielle auka kr. 1 024 000,-

- Dette gir fylgjande nye rammer for budsjett 2014:

Rådmann	11 719 000
Askvoll sokn	3 397 000
Oppvekst	58 355 000
NAV	4 384 000
Barnevern	3 828 000
Helse og omsorg	70 882 000
Landbruk	1 770 000
Teknisk drift	5 800 000
Bygg- og eigedomsavd	927 000
Finansielle føremål	-161 062 000
Meir/mindreforbruk 2014	0

16.06.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – mot 1 røyst:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Den eine røysta for følgjande endringsframlegg frå Gisle Stafsnes:

Askvoll kommunestyre tek 1. tertialrapport til orientering og det blir føreteke følgjande budsjettendring:

- Rådmannen redusert kr. 800 000,-
- Askvoll sokn redusert kr. 200 000,-
- Oppvekst auka kr. 100 000,-
- NAV auka kr. 200 000,-
- Barnevern auka kr. 600 000,-
- Helse og omsorg redusert kr. 700 000,-
- Landbruk redusert kr. 130 000,-
- Teknisk drift redusert kr. 100 000,-
- Finansielle auka kr. 1 024 000,-

FOR-077/14 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

25.06.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

KOM-045/14 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 1 tertialrapport til orientering og det blir føreteke følgjande budsjettendring:

- Rådmannen redusert kr. 800 000,-
- Askvoll sokn redusert kr. 100 000,-
- Oppvekst auka kr. 100 000,-
- NAV auka kr. 200 000,-
- Barnevern auka kr. 600 000,-
- Helse og omsorg redusert kr. 800 000,-
- Landbruk redusert kr. 130 000,-
- Teknisk drift redusert kr. 100 000,-
- Finansielle auka kr. 1 024 000,-

- Dette gir følgjande nye rammer for budsjett 2014:

Rådmann	11 719 000
Askvoll sokn	3 397 000
Oppvekst	58 355 000
NAV	4 384 000
Barnevern	3 828 000
Helse og omsorg	70 882 000
Landbruk	1 770 000
Teknisk drift	5 800 000
Bygg- og eigedomsavd	927 000
Finansielle føremål	-161 062 000
Meir/mindreforbruk 2014	0

Kva saka gjeld:

1 tertialrapport og budsjettendring

Saksutgreiing:

Med heimel i Kommunelova § 46 og Forskrift om årsbudsjett for kommunar mv., legg rådmannen fram rapport for første tertial i 2014

I forskrifta heiter det:

§ 10. Budsjettstyring

Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak.

Tertialrapporten viser at Askvoll kommune er i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon med reduserte inntekter frå staten i følgje dei siste prognosane frå KS, og auka utgifter innafor fleire tenesteområde. Budsjettet for 2014 var frå før eit starmt budsjett der det er funne rom for underskotsinndekning med om lag 3,8 mill.

Rapportane frå første tertial frå dei ulike einingane viser følgjande tal:

Endringar i skatt og rammetilskot: reduksjon	1,6 mill
For høgt inntektsanslag i B-2014	0,5 «
Auka utgift Nav	0,2 «
Auka utgift barnevernstiltak	0,6 «
Auka utgifter til barnehageopptak	0,7 «
<hr/>	
Samla utfordring i høve til B-2014	3,6 mill

Det er på dette tidspunktet noko usikkerheit om korleis dei endelege inntektene frå rammetilskot og skatt vert. Det er signal om at Stortinget vil reversere delar av reduksjonen til barnehagane, i tillegg vart lønsoppgjeret 0,2 % billigare enn det som er lagt inn i B-2014. Rådmannen vil difor i denne saka legge fram budsjettjusteringar med utgangspunkt i reduserte inntekter med 1,6 mill og auka utgifter på 1,5 mill, noko som gjev ein samla budsjettjustering på 3,1 mill for budsjettåret 2014. I tillegg til budsjettendringane vert månadlege økonomirapportar og streng budsjettdisiplin vidareført for resten av budsjettåret.

Tiltak for å balansere budsjettet etter 1. tertialrapport (alle tal i mill)

Finansielle føremål

Alternativ inndekning eigenkapitalinnskot KLP	0,45
Redusert overskot i B-2014	0,12

<u>Rådmann</u>	
Auka utbyte SFE	0,7
Overføring til investeringsbudsjett	0,1
<u>Askvoll sokn redusert løyving</u>	
	0,1
<u>Oppvekstetaten</u>	
Auka refusjonar	0,2
Reduksjon 50 % stilling	0,1
Vakant stilling Askvoll skule	0,24
Stipendordning førskulelærar	0,06
<u>Helse- og omsorgsetaten</u>	
Auka refusjon	0,2
Reduksjon på heimetenester	0,3
Reduksjon på institusjon	0,3
<u>Landbruk</u>	
Overføring til investeringsbudsjett	0,13
<u>Teknisk drift</u>	
Gjennomgang av utgifter i sjølvkostområdet	0,1
Samla sum tiltak	3,1 mill

Føresetnadar for budsjettendringane

Overføring til investeringsbudsjett på budsjettet til rådmann og LAF er personellressursar som vert teke ut av drifta og brukt til arbeid med innføring av eigedomsskatt. Konsekvensen er mellombels redusert kapasitet i det ordinære arbeidet.

I oppvekstetaten inneber rådmannen sitt framlegg at biblioteket får varig redusert bemanning med 0,5 % stilling frå medio august. Den tilsette vert omplassert til ledig stilling på Askvoll rådhus. Opningstidene til biblioteket er pr. i dag 27,5 t/veke og som følgje av dette vert opningstida redusert med 7 – 8 timar pr veke. Det vert halde stilling vakant ved Askvoll skule som følgje av at skulekjøkkenet ikkje er i drift i haustsemesteret som følgje av ombygging av skulen. Rekrutteringssituasjonen for barnehagelærarar har betra seg. Stipendordninga er ikkje lyst ut og rådmannen tilrår kommunestyret å ta bort ordninga noko som gjev kr.66.000,- i innsparing i 2014.

Helse- og omsorgsetaten fekk styrka budsjettet i 2014. Det har vore noko mindre press på tenestene så langt i året og etaten har ved streng budsjettstyring eit mindreforbruk så langt i året. Budsjettet for heimetenester og institusjonstenester vert føreslått redusert med 0,3 mill kvar.

Gjennomgang av Teknisk drift sine utgiftsføringar mot sjølvkostområdet er rekna med å gje grunnlag for ein mindre reduksjon i nettobudsjettet på 0,1 mill.

Bygg- og egedomsavdelinga har omdisponert midlar i driftsbudsjettet til kjøp av konsulenttenester til handsaming av reguleringsplanar. I tillegg vart budsjettmidlar avsett til arealplanen i 2013, ikkje overført til 2014 på grunn av underskotet i driftsrekneskapen for 2013. Dei ekstra utgiftene vert handtert innanfor dei ordinære budsjetttrammene, og rådmannen vurderer at det ikkje er rom for reduksjonar innanfor etaten.

Økonomisk rapportering pr. 30.04.14 – 1. Tertial

Samla vurdering av kommunen

Avvik pr. etat:

Rådmann		0
Oppveksetaten	Behov for midlar	700 000
NAV	Behov for midlar	232 000
Interkommunalt barnevern	Behov for midlar	600 000
Helse og omsorg		0
Landbruksforvaltninga		0
Teknisk drift		0
Bygg og eigeedom		0
Finansielle føremål	Behov for midlar	2 100 000
TOTALT	Behov for midlar	3 632 000

Tabellen over viser totale avvik/behov for midlar pr. etat. framskrive til 31.12.14 dersom utviklinga held fram.

Dei einskilde einingane sin rapportar:

Rådmann

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14.

Samla vurdering:

Rekneskaperen pr. 1. tertial syner eit mindre overforbruk på fellestenester og IKT. Lønspostane er forklart nedanfor.

Det skal i 2. halvår brukast eigne personalressursar i fleire budsjetterte investeringsprosjekt og det er venta balanse i ansvar 100 sitt budsjett i løpet av året.

.....

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	8 612 620	3 176 334	3 566 856	-390 522	41,41
Refusjonar	0	0	-102 681	102 681	
Netto-løn	8 612 620	3 176 334	3 464 175	-287 841	40,22

Som «vanleg» syner ansvar 100 sitt lønsrekneskap overskriding. Omstillingsorganisasjonen er budsjettert med netto tilskot frå kommunen. Lønsgiftene til dei to stillingane og møtegodtgjersle til styret vert ført på ansvar 100 og er største grunnen til avviket i tabellen over. Dette vert oppgjort mot omstillingsprosjektet ved årsoppgjeret.

Andre forhold

Som tidlegare nemnt er ein inntektspost på ansvar 100 ikkje realistisk og fører til problem med å halde budsjettet.

I 2. halvår skal det setjast i gang fleire budsjetterte investeringstiltak der vi delvis vil bruke eigne tilsette i stadenfor innkjøpt konsulenthjelp.

Dette gjeld m.a elektronisk internkontroll, innføring av eigedomsskatt og ny heimeside.

Askvoll, 03.06.14

Håkon Loftheim
-Rådmann-

Oppvekst

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14.

Samla vurdering:

Oppvekstetaten har eit samla mindreforbruk på om lag 544.000 kroner per 30.04, og det skulle slik sett sjå ut til at vi ligg godt under dei budsjetterte rammene for 2014. Dette mindreforbruket er likevel om lag som venta fordi det er budsjettert med større utgifter i andre halvår grunna ein klasse meir på ungdomssteget frå hausten 2014. Dessutan er ein etter 1. tertial ikkje ajour med refusjonar inn og ut, sidan mange av desse krava vert sendt både til og frå kommunen først etter 1. halvår. Ut frå dei føresetnadane som låg til grunn når ein la budsjettet for 2014, så tyder resultatet per i dag på at vi er i rute til å halde oss innanfor rammene for 2014. Ein kraftig vekst i søknaden etter barnehageplass frå hausten 2014, gjer at vi likevel ligg an til å få eit meirforbruk på 7-800.000 kroner ved utgangen av året om ikkje etaten sine rammer vert justert.

..... Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	59 437 299	21 920 476	21 848 241	72 235	36,76
Refusjonar	-1 262 997	-420 999	-918 032	497 033	
Netto-løn	58 174 302	21 499 477	20 930 209	569 268	35,98

Tabellen syner at vi per 30.04 ligg om lag der vi skal vere i høve budsjettert bruttoløn. På grunn av større inntekter frå refusjonar (i hovudsak sjukeløn) enn forventa, ligg nettoutgiftene til løn godt under det som er budsjettert.

Andre forhold:

Tenesteområda innanfor skule, kulturskule og bibliotek ser så langt i året ut til å halde seg innanfor dei budsjetterte rammene for 2014 når ein tek omsyn til dei aktivitetsendringar og refusjonar ut og inn som er omtala ovanfor.

Barnehagane vil derimot ikkje greie å halde seg innanfor dei budsjetterte rammene fordi søknaden etter nye barnehageplassar ligg godt over det som var forventa. Når ein i fjor haust

la føresetnadane for inneverande budsjetttrammer på dette området, tok ein utgangspunkt i barnetalsutviklinga i kommunen. Når vi no likevel opplever svært god søknad til barnehagane til tross for nedgang i tal fødsler i 2013, så kjem dette av at vel 1/3 av søknadane kjem for born som ikkje er fødd i kommunen. Vi ser at fleire unge familiar flyttar heim no enn tidlegare, noko som er svært gledeleg.

Vi har hatt utfordringar med å gje alle dei nye søkjarane plass, særleg ut frå at det arealet vi har tilgjengeleg i dei barnehagane det er stor søknad til, no etter kvart set stopp for kor mange plassar vi kan tilby. Vi har frå hausten likevel greidd å gje eit tilbod om plass til alle som har ein lovfesta rett til dette, og stort sett også til dei som er fødd etter 1. september 2013. For å oppnå dette har vi måtte tilsette nye medarbeidarar i fleire av barnehagane. Dette fører også til auka lønskostnader ut over det som er budsjettet, noko som samla for alle barnehagane utgjer om lag 7-800.000 kroner ekstra for hausthalvåret 2014. Vi kan nok forvente litt auke i foreldrebetaling, men sidan dei fleste nye borna er under 3 år, brukar kvar av dei 2 plassar men betaler berre for ein. Dette ser vi alt også i dag fordi fleire barnehagar med mange born under 3 år har problem med å nå budsjettmåla om foreldrebetaling.

Askvoll, 1. juni 2014

Kristen Holt
-kommunalsjef oppvekst-

NAV

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14.

Samla vurdering:

Utgifter til lønn og drift er på nivå med budsjetterte midlar.

Samla på teneste 28100, økonomisk sosialhjelp, er det ei overskriding på kr 132.000,- .
Dersom utgiftene held seg på same nivå som hittil, vil det vere trong for auka midlar.

Forventa forbruk ut året: kr 1.500 000,.
Rest budsjettmidlar kr 1.097 000,-
Til gode KVP (dersom ikkje program) kr 171 000,-

Behov for auka midlar ut året **kr 232 000,-**

Løn pr. 30.04.14 :

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	1 628 858	600 722	554 441	46 281	34,04
Refusjonar	0	0	-8 569	8 569	
Netto-løn	1 628 858	600 722	545 872	54 850	33,51

Lønsoversikta viser at vi har kr 54 850 til gode i høve budsjettet. Dette skuldast at vi ikkje har hatt forbruk av kvalifiseringsstønaden og er ikkje eit reelt overskot..

Andre merknader: (kommentar til kvart tenesteområde)

Tenesteområde 12010: Løn til leiar for 010114-300414 er ikkje refundert.

Tenesteområde 24250: Budsjettert tilskot til krisesenteret er ikkje utbetalt pr 300414.

Tenesteområde 24250: Refusjon til stat for 1. kvartal er ikkje med.

Tenesteområde 24300: Lønn til miljøarbeidarar og utgiftsdekning.

Tenesteområde 27600: Kvalifiseringsprogram. Vi har ikkje brukarar i programmet og har til gode kr 63 065,- pr 300414.

Tenesteområde 28100: økonomisk sosialhjelp: Overforbruk på kr 132 260 på denne tenesta pr 300414. Gjennomsnittleg forbruk på denne tenesta har hittil vore kr 186 700,- pr måned. Dersom ein legg det til grunn framover, vil forbruket kome på kr 1 500 000,- for perioden 010514-311214. Rest budsjetterte midlar er kr 1.097 000,-. Dersom KVP ordninga ikkje vert nytte, har vi kr 171 000,- i tillegg., dvs totalt kr 1 268 000,-. Det betyr eit behov for ekstra midlar på kr 232 000,- for resten av året.

Askvoll 26.05.14

Åse Rivedal Solheim
Leiar Nav

Interkommunalt barnevern - HAFS

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14.

Samla vurdering:

Barneverntenesta kjem til å ha eit meirforbruk på om lag kr 600 000 ved årslutt med dei tiltaka som er sett i verk. Dette grunna nye behov for omfattande tiltak i og utanfor heimen.

.....

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	628-500	249-205	183-645	65-560	29,22
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto-løn	628-500	249-205	183-645	65-560	29,22

Teneste 24410 Drift HAFS interkommunale barnevernteneste

Når det gjeld lønsutgifter har barneverntenesta hatt noko redusert stillingsprosent for ein tilsett i ein periode i vinter og vår i forhold til budsjettert, i tillegg til ein sjukemelding. Dette blir vege opp av litt høgare stillingsprosent og innleigd hjelp i ein kort periode no i sommar. Etter søknad til Fylkesmannen i vår fekk barneverntenesta innvilga ei 50% tiltaksstilling, i tillegg til dei tidlegare tildelte 30% sakshandsamarstilling og 50% tiltaksstilling barneverntenesta har frå Fylkesmannen. Barneverntenesta har no tilsaman 5,5 sakshandsamarstillingar og 2 tiltaksstillingar. Ei 100% tiltaksstillingstilling blir refundert frå Fjaler og Askvoll sitt tiltaksbudsjett ved årsslutt, og eventuell bruk av den tiltaksstillinga i Solund og Hyllestad kommune blir utrekna og krevd refusjon for. Refusjon av 0,8 stilling frå Fylkesmannen for 1. tertial 2014 har ikkje komme med på rekneskapen 30.04.14.

Dei andre budsjettpostane ser forbruket ut til å vere som budsjettert. Det same gjeld Inntektene. Refusjonar frå dei andre HAFS kommunane er krevd inn for 6 mnd.

Teneste 24410 ser ut til å ende i balanse ved årsslutt.

Teneste 25100 tiltak i heimen

Rekneskapen viser ei mindreforbruk på kr 180 000 så langt, noko som er misvisande. Utgifter til sommarleir for born kjem først seinare i år og barneverntenesta manglar framleis timelister frå besøksheimar og støttekontakter for denne perioden. I tillegg skal delar av tiltaksstilling frå teneste 25100 refunderast til teneste 24410 i Fjaler kommune ved slutten av året.

I 1.tertial 2014 har det oppstått nye behov for fleire tiltak som ikkje var budsjettert, som har ført til meirutgifter på denne tenesta. Dette gjeld behov for kompensering og endringstiltak i heimen, i tillegg til at det også var naudsynt for barneverntenesta å sette i verk eit statleg institusjonstiltak i ei ny sak, noko som er kostbart. Desse utgiftene blir fakturert i etterkant og er difor ikkje med på rekneskapen pr. 30.04.14.

Slik situasjonen er no ser det ut til å verte eit meirforbruk på kr 200 000 på teneste 25100 ved årsslutt. Dei tilsette har eit bevisst forhold til barneverntenesta sitt budsjett og ein vil arbeide med å redusere eller halde utgiftene låge der det er mogeleg. Det er likevel vanskeleg å seie noko om kva nye saker barneverntenesta vil få og eventuelle uventa behov for tiltak som kan oppstå i allereie kjende saker.

Teneste 25200 Tiltak utanfor heimen

Rekneskapen viser her eit mindreforbruk på kr 225 000. Dette er også på denne tenesta misvisande då fleire utgifter kjem i etterkant og ikkje har komme med på rekneskapen. Heller ikkje inntekter i form av refusjon frå staten er med på 1.tertial 2014, men vil komme med på neste tertial.

På grunn av ei ny fosterheimsplassering og advokatutgifter knytt til fylkesnemndshandsaming vil det også verte eit meirforbruk på denne tenesta. Slik situasjonen er no ser det ut til at desse utgiftene medfører ei overskriding på kr 400 000 ved årsslutt på teneste 25200.

Fjaler, 28.05.14
Charlotte Willemoes
Barnevern leiar

Helse og omsorg

TERTIALRAPPORT PR. 30.04.2014

Samla vurdering:

Helse- og omsorgetaten har i 2014 omorganisert organisasjonen og ein driv nøkternt og har fokus på kostnader. Ved sjukeheimen har ein hatt mindre overbelegg enn dei føregåande åra. Samla sett har dette medført at ein etter 1. tertial har eit mindreforbruk innan tenesta. Det er likevel ting som tyder på høgare forbruk utover året, dette har samanheng med auka trykk på tenestene no på våren.

Prognose for 2014 er at helse- og omsorgstaten går i balanse.

.....

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.2014	Rekneskap pr. 30.04.2014	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	73 610 861	27 147 685	24 692 081	2 455 604	33,54
Refusjonar	-1 822 000	-607 333	-933 018	325 685	
Netto-løn	71 788 861	26 540 352	23 759 063	2 781 289	33,10

Andre forhold:

Tabellen syner eit positivt avvik, utgifter til vikarbyrå pr. januar 2014, er tatt med under rekneskap pr. 30.04.2014

Ekstra lønskøyring er med i budsjettet, men ikkje i rekneskapetstallet.

Det er 2 mnd. etterslep på timeløna arbeidstakar, hovedtyngda av utgifter til høgtidstillegg for påske/pinse går til utbetaling i sommar, dette vil redusere underforbruk.

Det vil komme eit betydeleg større utlegg innan sosiale tenester for sommaren, det vil gjere utslag til neste tertialrapport.

Ein har mangel på personale og vikarar innan tenesta, dette gjer til at ein brukar ein del meir overtid enn det som er ynskjeleg. Det er viktig at vi klarar å rekruttere inn nytt fagpersonell, og legge godt til rette for dei som er sjukemelde.

Seksjon Helse :

Ved seksjon helse ligg ein med eit meirforbruk på kr. 131 000,-, dette skuldast manglande refusjon for fysioterapeutar, dette vert utbetalt til sommaren.

Totalt sett ligg seksjon Helse i balanse, men ein kan vente eit lite meirforbruk innan legetenesta pga innleige av vikarlege for sommaren.

Pasient/brukar forhold :

Gj.snitt pasientbelegg ved Askvollheimen i 1. tertial har vore 51, det vil seie 2 pasientar over «godkjent» tal. Det har i heile denne perioden vore nødvendig med bruk av ekstrahjelp for å gje forsvarlege tenester. Vi har per 30.04.2014 klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå helseføretaka som vi har fått melding om.

Medfinansiering :

Det er førebels usikkert korleis dette vil slå ut ved endeleg avrekning. Askvoll Kommune har betalt a konto beløp pr.mnd kr.342 000,- 1. halvår 2014. Dette medfører at vi betalar meir inn til Helse Vest enn vi får ut i tilskot, det er noko vi ikkje rår over.

Avrekning for 2013 viser eit meirforbruk av spesialisthelsetenester på kr. 520 000,-, dette er no betalt gjennom 2014-budsjettet.

Brukarbetaling:

	2012	2013	Pr. 30.04.2014
Budsjett	4 805 000	5 274 000	2 137 600
Rekneskap	4 963 942	5 080 079	1 670 813
Avvik	158 942	-193 921	-466 787

Det er lagt inn brukarbetaling frå NAV til og med april.

Det manglar brukarbetaling frå praktisk bistand og matombringning for april, slik at avviket i praksis ikkje er så stort.

Fortset utviklinga, vil ein ved utgangen av året ha ein manko på i overkant av kr. 600 000,- innan brukarbetaling.

Stein Helle
Kommunalsjef for helse og omsorg

Askvoll 28.05.14

Landbruksforvaltning for Askvoll og Fjaler

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14.

Samla vurdering:

Det er ingen endringar på noverande tidspunkt som medfører under/overforbruk i høve til budsjett for 2014.

.....

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	3 067 385	1 131 252	991 873	139 379	32,34
Refusjonar	0	0	0		
Netto løn	3 067 385	1 131 252	991 873	139 379	32,34

Askvoll 28.05.14

Geir Grytøyra
-Landbrukssjef-

Teknisk drift

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.14

Samla vurdering:

- Samla vurdering er at Teknisk drift – vaktmestersentral har overskriding ut frå gjennomgang 30.04.14.

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap pr. 30.04.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	6 879 800	2 537 270	2 312 048	225 222	33,61
Refusjonar	0	0	-107 016	107 016	
Netto-løn	6 879 800	2 537 270	2 205 032	332 238	32,05

Område med større avvik/meirforbruk:

- Veglys: Har klar overskriding pr. 30.04.14. Må begrense tiltak resten av året.
- Vegar: Skal hente inn nye anbod på vinter og sommar og kan ikkje seie noko om korleis dette vil slå ut. Nesten ballanse pr. 30.04.14, men kommunale vegar kan lett kunne til å få overskriding i 2014 pga. nemte prosessar.
- Brann: Har meirutgifter på vaktordning som vil komme i 2014. Vanskeleg å halde ramme. Feiing hentar inn avgifter 2. termin, men har hatt overskriding siste åra. Ut frå kjente utgifter har brann samla sett overskriding pr. 30.04.14.
- Vatn: Har større utgifter til FDV av vassverk enn budsjettert. Avviket pr. 1 tertial ser ut til å kunne vere 150-200.000,-.
- Avlaup: Meir ballanse, men ser ut til å ha eit mindre overforbruk pr. 30.04.14.

Gjennomgang viser at der teknisk drift- vaktmestersentraler har eit meirforbruk pr. 30.04.14.

Ut frå status 30.04.14 vil det vere naturleg å vurdere slike tiltak:

- Ny gjennomgang lønstilvisning innan teknisk drift – vaktmestersentral.
- Veglys: Redusere drift av veglys i den grad det er muleg resten av 2014.
- Sjå gjennom driftskostnadane innanfor brann, vegar, og på delar av VA-drifta.

Askvoll 02.06.14

Per Jan Ryland
-Teknisk sjef-

Bygg- og eigedom

TERTIALRAPPORT PR. 30.04.14

Samla vurdering:

Planarbeid: Meirforbruk på konsulentarbeid ved handsaming av private reg.planar og ferdigstilling av arealdelen av kommuneplanen.

Byggesak, kart og oppmåling. På budsjett

Drift og vedlikehald: Må kutte kostnader grunna meirforbruk på planarbeid.

Husleigeinntekt: Noko avvik, eiga begrunning i tekst under.

Ut frå ei samla vurdering vil ein gå i balanse ved årsslutt.

Løn pr. 30.04.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 30.04.14	Rekneskap	Avvik	% forbruk av total
Brutto-løn	2 452 000	904 297	949 967	-45 670	38,74
Refusjonar	0	0	-51 097	51 097	
Netto-løn	2 452 000	904 297	898 870	5 427	36,66

Husleigeinntekter:

	Rekneskap pr. 30.04.14	Budsjett pr. 30.04.14	Avvik i kr.
Administrasjonslokale	-36 954,00	-86 666,67	-49 712,67
Askvoll skule	-9 930,00	-55 000,00	-45 070,00
Helsehuset	-72 276,00	-132 000,00	-59 724,00
Holmedal eldrecenter	-162 500,00	-121 666,67	40 833,33
Bulandsheimen	-89 603,29	-100 000,00	-10 396,71
Værlandet bygdetun	-37 828,00	-35 000,00	2 828,00
Omsorgsbustadar Askvoll	-740 621,22	-673 333,33	67 287,89
Bustadar Kvammen	-93 568,00	-90 000,00	3 568,00
Bufellesskap	-352 725,84	-364 333,33	-11 607,49
Heradsheimen	-23 490,86	-27 333,33	-3 842,47
Paulsbu	-35 472,00	-50 000,00	-14 528,00
Bakketun II	-42 668,00	-40 000,00	2 668,00
Tipphaugen	-96 293,32	-81 333,33	14 959,99
Sifbo	-107 200,00	-100 000,00	7 200,00
Drift og vedlikehald kom. disp. bustader	-1 781 970,53	-1 683 000,00	98 970,53
Heradsheimen	-4 748,00	0,00	4 748,00
Ekspedisjonsbygget	0,00	-66 666,67	-66 666,67
Næringsbygg	-4 748,00	-66 666,67	-61 918,67
Bygg- og eigedomsavdeling	-1 905 878,53	-2 023 333,33	-117 454,80

Som ein ser ut frå tabell er det noko avvik på husleigeinntektene. Dette skuldast i stor grad at mange av husleigene som vert fakturert pr halvår, og skal fakturerast no i juni. Dette gjeld blant anna omstillingsorganisasjonen og Askvoll og Holmedal Idrettslag. Husleie på Helsehuset er budsjettert for høgt, men auka inntekt i omsorgssektoren vil kompensere dette fullt ut.

Andre merknadar:

Kjøp av konsulenttenester til fullføring av arealdelen, samt ein del private reguleringsplanar, vil vere eit negativt avvik mellom rekneskap og budsjett. Dette må takast inn på driftsmidlar avsett til vedlikehald.

Stad / Dato

Helge Jostein Follevåg
-Sjef for Bygg og eigedom-

Finansielle føremål

TERTIALRAPPORT PR. 30.04.14

Samla vurdering:

Auke rammetilskot	kr. 622 000,-
Minke skatteinngang	kr. 2 722 000,-
TOTALT (behov for midlar)	kr 2 100 000

Rammetilskot

Askvoll kommune bruker KS sin prognosemodell for vurdering av rammetilskot og skatt. Den siste versjonen av 16.05.2014 , inkl RNB 2014 (Revidert nasjonal budsjett) viser ein auke i rammetilskot på ca kr. 622 000,-

Askvoll kommune har budsjettert med kr. 120 863 000,- i rammetilskot i 2014.

Prognosemodellen til KS anslår rammetilskotet til kommunen å vere kr. 121 485 000,-

Skatt

For 2014 er skatteanslaget redusert med kr. 2 722 000,-

Årsaka til reduksjon i skatt er at skatteinngangen for 2013 vart lågare enn lagt til grunn i nasjonalbudsjettet for 2014, samtidig med at årets skatteinngang er lågare enn forventa.

I tillegg budsjetterte Askvoll kommune med 500 000,- meir i skatteinngang enn KS sin prognosemodell.

Renteutgifter

Askvoll kommune har pr. 30.04.2014 ei lånegjeld på ca 200 mill kr. Låneopptak for 2014 på 21,92 mill er ikkje gjennomført enda. I budsjett for 2014 er lån med flytande rente budsjettert med 2,6 %. Styringsrenta i Noregs Bank ligg på 1,5 % og har vore uendra sidan april 2012. Den flytande renta ligg ca 1% over styringsrenta.

Askvoll kommune betaler i dag 2,25% (nominell) på lån med flytande rente hos Kommunalbanken. I tillegg har vi 5 lån til fast rente, rentesatsen varierer her mellom 2,3 og 3,1%. Tilsaman hos Kommunalbanken har vi lånt 158 600 004 kr. Desse fordeler seg på fast rente 52,6 mill kr. og flytande 106 mill kr. Hos KLP/Kommunekreditt har vi kun eit lån på kr. 20 869 516,- dette har fastrente på 4,24% og er bunde fram til 29.09.2014. Dei fleste låna hos Husbanken har fast rente, restgjelda er ca 20,7 mill kr., renta ligg på ca 2,4%. Økonomisjefen tilrår at ein ikkje endrar budsjetterte renteutgifter.

Renteinntekter

Det er budsjettert med 0,7 mill kr.- i renteinntekter for 2014. Pr. 01.06.14 har Askvoll kommune til gode ca kr. 300 000,- i renteinntekter hjå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Momskompensasjon

Frå og med 2014 skal all momskompensasjon (mva. komp

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/80
---	-------------------------	------------------------------

Orientering i forhold til atterhald og presisering i revisjonsmeldinga for 2013

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande.

...

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet handsama sak 17/14 Årsrekneskapen 2013 – Askvoll kommune i møte 19.5.2014, og det vart gjort følgjande vedtak:

1. Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen vert vedteken.
2. Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.
3. Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til neste møte for å orientere om kva som vert gjort i høve atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga for 2013.

Vedtak i saka vart sendt til Askvoll kommune og rådmann/økonomisjef i e-post datert 19.5.2014, slik at dei er informert om møtedatoen 18. september.

Rådmannen er innkalla for å orientere om kva som vert gjort i forhold til atterhald og presisering i revisjonsmeldinga for 2013.

Atterhaldet gjeld uteståande fordringar som revisor meiner burde vore avsett som tap på krav. Presiseringa gjeld at det ikkje er lagt fram rekneskap for alle prosjekt som er innanfor kriteria i økonomireglementet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saknr 023/14
--	-------------------------------	------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/78
---	-------------------------	------------------------------

Forvaltningsrevisjon - val av prosjekt

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.07.2014	Kommunestyresak 019-13 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 Askvoll kommune, handsama 11.3.2013	74

Tilråding:

(*Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak*).

1. Kontrollutvalet tingar, Kontroll av sjølvkostberekningar VAR-sektoren, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.
 - Formålet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VAR-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene.
 - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2013 for VAR-sektoren og kontroll av budsjettgrunnet for fastsetjing av betalingssatsane for 2014.
 - Leveringsfrist 1. mai 2015.
2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 5. desember 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.

...

Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune, vart handsama i kommunestyret 21.5.2014. Det skal no veljast nytt prosjekt, og SEKOM-sekretariat tar utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016, der det er følgjande prosjekt som er prioritert:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune.
3. Vedlikehald av kommunal eigedom.

SEKOM-sekretariat ser det som naturleg at kontrollutvalet i Askvoll vel prosjektet som har 1. prioritet, Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Formålet med undersøkinga:

Dei styrande organ i Askvoll kommune ynskjer å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VAR-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene.

Avgrensing av undersøkinga:

Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2013 for VAR-sektoren og kontroll av budsjettgrunlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2014.

Aktuelle problemstillingar:

- Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm?
- Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar?
- Er sær tariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket?
- Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutinehandboka for "Kredittpolitikk og fakturering?"

Gjennomføring:

Vi ser føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon september 2014.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon med plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet innan 10. november 2014.
- Handsaming av plan frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet i Askvoll 5. desember.
- Levering av forvaltningsrevisjonsprosjekt frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat innan 1. mai 2015.
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet mai 2015.
- Handsaming av rapport i kommunestyret mai/juni 2015.
- Eventuell oppfølging av kommunestyret sitt vedtak året etter.

Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar, vert teke opp etter initiativ frå KRYSS-revisjon.



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	11.03.2013	019/13	SVF

Saksbeh
Inger Johanne Helle Breidvik

Arkivsaknr
12/132-3

Arkiv
K1-216

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 - Askvoll kommune

11.03.2013 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016

Planen har i utgangspunkt følgende prioritering av prosjekt:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune
3. Vedlikehald av kommunal eigedom

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

KOM-019/13 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016

Planen har i utgangspunkt følgende prioritering av prosjekt:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune
3. Vedlikehald av kommunal eigedom

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet har i møte 16.01.13 – sak 4/13 – følgjande tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016.

Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune
3. Vedlikehald av kommunal eigedom

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

SAKSDOKUMENT:**Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	14.02.2012	KRYSS-revisjon	Engasjementsbrev - revisjon av Askvoll kommune
2	I	17.01.2013	SEKOM-sekretariatet	Kontrollutvalssak 004/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 - Askvoll

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 024/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/77
---	-------------------------	------------------------------

Oppfølgingsliste 4 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09	Vedtak: <ul style="list-style-type: none">- Orientering frå administrasjonen- Tertialrapportar- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen- Orientering frå revisor- Kvalitetsrapportar frå revisor.
Sak 03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Askvoll	31.1.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll for 2014 vert godkjent, med følgjande vidare datoar: 10. april, 19. mai, 18. september og 5. desember.
09/14 Skriv og meldingar	10.4.2014	Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til vitande Deltaking på konferanse i Haugesund: Ole Andreas Myrstad (melder seg på sjølv). Lenkje til presentasjonar på fagkonferansen lagt ved skriv og meldingar i møte 18. september.
10/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Askvoll	10.4.2014 10.4.2014 21.5.2014	Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent. Sendt Askvoll kommune. Handsama i kommunestyret, sak 032/14

<p>11/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune</p>	<p>10.4.2014 10.4.2014 21.5.2014</p>	<p>Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: 1. Forvaltningsrevisjonsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune vert teke til orientering. 2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten. Sendt Askvoll kommune. Handsama i kommunestyret, sak 031/14</p>
<p>12/14 Nettbrett til kontrollutvalet i Askvoll</p>	<p>10.4.2014 10.4.2014 19.5.2014</p>	<p>Vedtak: Kontrollutvalet får tildelt nettbrett. Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. Sendt Askvoll kommune Vart nettbrett utdelt på møte, SEKOM-sekretariat fekk dei med seg og leverte dei til SYSIKT for innlegging av pdf-expert. Fekk nettbretta tilbake i juni, og kvar enkelt må legge dette inn sjølv.</p>
<p>17/14 Årsrekneskapen 2013 – Askvoll kommune</p>	<p>19.5.2014 19.5.2014 25.6.2014</p>	<p>Vedtak: 1. Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen vert vedteken. 2. Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre. 3. Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til neste møte for å orientere om kva som vert gjort i høve atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga for 2013. Sendt Askvoll kommune. Handsama i kommunestyret, sak 044/14</p>

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 025/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/206
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 18.09.2014	Saksnr 026/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 14/213
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for kontrollutvalet i Askvoll 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgende budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto		B 2015
10800	Godtgjelse folkevalde	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000
11500	Opplæring, kurs/seminar	20 000
11600	Skyss- og kostgodtgjelse	2 500
11959	Kontigentar	1 300
	Samla drift	54 800

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Askvoll kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Skyss- og diettgodtgjersle

Møtegodtgjersle/ tapt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Kontingentar

For kontrollutvalet i Askvoll gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsfortjeneste, kr 1200 ulegitimert pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekket etter dokumentasjon inntil kr 1.600.
- Fast møtegodtgjersle for kontrollutvaldeiar er 1 % av ordførar godtgjersla dvs kr 7.111
- Møtegodtgjersle for medlemmer i kontrollutvalet er pr. møte kr 350

Konto	B 2015	B 2014	Rekneskap 2013
10800 Godtgjersle folkevalde	28 000	28 000	18 938
10990 Arbeidsgjevaravgift	3 000	3 000	2 007
11500 Opplæring, kurs/seminar	20 000	20 000	12 100
11600 Skyss- og kostgodtgjersle	2 500	2 500	754
11959 Kontingentar	1 300	1 300	1 200
Samla drift	54 800	54 800	34 999

SEKOM-sekretariat har ikkje føreslege auke i budsjettet for 2015 sett i forhold til 2014. Vi reknar med at opplæring av nye folkevalde vert halde i fylket, og at det difor ikkje vert noko spesielt høgre utgifter til dette.